

ENDRING AV TAKST- OG RABATTSYSTEM FOR KVAMMAPAKKEN



Stortinget har vedteke ein bompengereform. Målet med reforma er forenkling og effektivisering av bompengerevninga. Takst- og rabattstrukturen for Kvammapakken blir difor endra frå 1. august 2019

I tråd med føringane frå Prop. 87 S (2017–2018) og lokale vedtak vert det innført bompengavgift for Kvammapakken for nullutsleppskøyretøy i takstgruppe 1 som svarer til 50 prosent av ordinær bompengetakst etter rabatt. Nullutsleppskøyretøy i takstgruppe 2 skal inntil vidare ikkje betale bompengar.

Innføring av nytt takst- og rabattsystem medfører følgjande endringar frå 01.08.19:

- Køyretøy i takstgruppe 1 med gyldig AutoPASS-avtale og brikke får automatisk 20 prosent rabatt. Køyretøy i takstgruppe 2 får ingen rabatt.
- Alle kundar som har hovudavtale og brikke frå Ferde AS – Kvammapakken blir automatisk gjort om frå forskotsavtaler til etterskotsavtaler med 20 prosent rabatt (takstgr. 1) og 0 prosent rabatt (takstgr. 2). Innståande saldo frå innbetalt forskotsbeløp vil bli overført den nye etterskotsavtala.
- Noverande tilleggsavtaler med Ferde AS – Kvammapakken for å få lokal rabatt på 30-50 prosent rabatt blir avvikla. AutoPASS-avtala med det selskap brikka er levert frå, hovudavtala, vert ikkje endra, og passeringar frå 1. august verte trekte frå hovudavtala. Sluttavrekning og eventuelt beløp ein har til gode på tilleggsavtaler blir tilbakeført seinast tre månadar etter endring.
- I tråd med dei lokalpolitiske vedtaka er det lagt til grunn eit passeringstak på 25 passeringar pr. måned for køyretøy i takstgruppe 1 med gyldig brikke og avtale.

Takstane for Kvammapakken vert som følgjer frå 1. august

	Takstgruppe 1	Takstgruppe 2
Ordinære kjøretøy uten avtale	Kr 50,00	Kr 65,00

Tabell 1: Ordinære bompengetakstar for Kvammapakken etter omlegginga til nytt takst- og rabattsystem.

Takstgruppe 1: Køyretøy med tillaten totalvekt til og med 3500 kg, samt køyretøy i køyretøykategori M1 med elektronisk brikke og gyldig avtale.

Takstgruppe 2: Køyretøy med tillaten totalvekt frå 3501 kg, ekskl. køyretøy i køyretøykategori M1 med elektronisk brikke og gyldig avtale.

Ordinær bompengetakst etter rabatt er kr 40 for takstgruppe 1. Endringa medfører at nullutsleppskøyretøy i takstgruppe 1 frå 1. august 2019 skal betale kr 20 per passering.

Nullutsleppskøyretøy er ei fellesnemning på elkøyretøy og hydrogenkøyretøy. Rabatterte takstar for nullutsleppskøyretøy krev gyldig avtale og brikke. Utan avtale og brikke, vil nullutsleppskøyretøy bli belasta ordinær takst.

Timesregel vert vidareført for køyretøy med gyldig AutoPASS-avtale og brikke.

Fritak frå betaling av bompengar blir gitt etter gjeldande retningslinjer for bompengeprojekt.

For meir informasjon: www.ferde.no

Takstendringa kan påklagast til Samferdselsdepartementet innan tre veker frå kunngjering. Klage sendast Vegdirektoratet.

